

Sosial kompetanse fagleg - og sosial læring hand i hand




Bygstad skule

Evaluert våren 2022


Sosial kompetanse – gjennom sosial og fagleg læring

- Skulen skal utvikle eit inkluderande fellesskap som fremma helse, trivsel og læring for alle.
- I samspel med andre, gjennom utveksling av meiningar og haldningar skapar elevane sitt eige sjølvbilete og dannar sin eigen identitet.
- Empati og vennskap vert danna gjennom å setje seg inn i andre sine tankar, kjensle og erfaringar
- Dialog står sentralt i sosial læring. Skulen skal formidle verdien og betydninga av ein lyttande dialog for å takle motstand
- Skulen skal legge til rette for eit tett og godt samarbeid med heimane, elevane og alle vaksne som er involverte i skulekvardagen. Heimane og skulen må ha ein felles forståing for korleis skape trygge gode miljø. Sosial læring skjer i alle miljø som elevane ferdast i. Fagleg læring kan ikkje isolerast frå sosial læring
- Gjennom systematisk arbeid, over tid, og i samspel med utviklinga av fagkompetansen, skal den sosiale kompetansen implementerast i profesjonsfellesskapet og i skulekvardagen(Fixenmodellen)



Verdiordet THOR – gir grunnlag for visjonen

- **Verdiordet THOR** skal systematiserast inn på alle arenaer i skulekvardagen. Elevane må få øve seg i å skape:
- **T - trivsel**: vere med å skape trivsel i alle miljø
- **H – humør**: skape eit positivt miljø gjennom godt humør og vere positive (det er for all del lov å vere lei seg)
- **O – omsorg**: Bry seg/vise omsorg, sjå etter at dei andre i gruppa har det bra og er inkludert
 - Ta vare på seg sjølv, bry seg om eigne kjensle, seie frå
- **R – respekt**: Utvikle respekt og god dømmekraft. Ha respekt for andre sine meiningar. Sjå at respektlause og hatefulle ytringar ikkje skal aksepteras. Sjå at eigne handling får konsekvensar, både positivt og negativt, både for seg sjølv og for andre i eit fellesskap



Overordna del, verdiordet og visjonen i praksis

Overordna del inneholder prinsipp for sosial læring og skulen sitt arbeid med eit inkluderande læringsmiljø. Sosial læring handlar om å utvikle identitet og sjølvbilete i samspel med andre.

- Å få uttrykke eigne meningar og haldningar, skapar identitet og sjølvbilete
- Lytte til andre sine tankar, kjensle og erfaringar, gir grunnlag for empati og vennskap mellom elevane
- Lære å takle motstand gjennom ein lyttande dialog
- - Lærarane/vaksne må skape trygge ramme for gode kommunikasjonar slik at elevane vågar å ytre eigne meningar og seie frå på andre sine vegne.
- - Å lære og lytte til andre og samtidig argumentere for eigne syn, gir elevane grunnlag for å handtere usemje, konfliktar og søkje løysingar i fellesskap.

Visjonen: Bygstad skule skal vere ein trygg stad å vere og ein trygg stad å lære

Verdiordet THOR skal vere med på å realisere visjonen for Bygstad skule

Gjennom tett og godt samarbeid

På Bygstad skule vil vi, saman med foreldre og elevar, arbeide for at elevane skal utvikle god sosial kompetanse. Gjennom at elevane får utvikle sosiale ferdigheter som; empati, sjølvkontroll, sølvhevding, ansvar og samarbeid vil dei få øve opp sosial kompetanse. Vi skal ha felles forståing for utviklingsarbeidet og verte gode på å lære saman. Sosial kompetanse kan lærast og vi må sjå den i samanheng med den faglege kompetansen.

Læringssyn/elevsyn


- Elevane må få øve opp og gradvis verte sjølvstendige i si eiga læring, ta eigne val og kontroll over eiga læring, både fagleg og sosialt. Vi må sleppe opp, gje dei tillit, stille krav, ha forventningar og legge til rette for ei undervisning ut frå kvar elev si tilnærma proksimale sone.*
- Vi skal ta omsyn til kvar elev sitt nivå og tempo og legge til rette for god planlagt undervisning, med varierte - , differensierte - og tilpassa oppgåver. På den måte kan kvar elev kjenne involvering, engasjement, motivasjon og meistring, som igjen er suksesskriterium for all læring.*
- Vi skal skape motivasjon og engasjement gjennom opne, varierte oppgåver og metodar. Ha fokus på det, både kognitivt, sosialt, praktisk, ut frå eiga interesse, medskaping og eiga vurdering*
- Både fagleg og sosialt skal vi fokusere på at all læring skal lede til eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet.*
- Elevane skal gjennom ei sosiokulturell undervisning og gjennom IGP – metoden, undre seg, forske ut, reflektere og konkludere.*
- Tverrfagleg tema, samspel mellom fleire fag og temaplanar over tid, skal lede til læring i djupna og i breidda*
- Gjennom det spesifikke i faga, kjerneelementa, kompetansemåla, grunnleggande ferdigheter og progresjonen i faga, skal all læring setjast inn i ein samanheng. På den måten kan elevane ta i bruk erverva kunnskap til å løyse meir komplekse oppgåver gjennom heile utdanninga*



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse med utgangspunkt i fem dimensjonar som påverkar kvarandre. Gjennom elevane si sosiale læring og utvikling kan vi førebygge krenkingar og mobbing, og påverke det psykososiale miljøet i gruppa. Elevar som har god sosial kompetanse kjem sjeldan i fastlåste situasjonar, men har verktøy for å handtere motgang. Når mobbing skjer hevdar dei raskare sine eigne og andre sine rettigheter. I kontakt med andre er dei ofte positive, blir lettare akseptert og på den måten skape lettare positive relasjoner.

- **Empati:** etablere ein god tilbakemeldingskultur der vi vaksne anerkjenner empatiske initiativ og handlingar mellom elevane
- **Samarbeid:** legge til rette for samarbeidsmåtar som fremmar samarbeid og respekt for kvarandre sine styrkar og utfordringar. Dei må få øve på og vente på tur, hjelpe andre, dele og finne balansen mellom å bestemme og la andre bestemme i samarbeidet.
- **Sjølvhevding:** la elevane trene på å stå opp for seg sjølv og ta vare på seg sjølv. La dei øve på å ta initiativ og seie frå når dei opplever seg krenka av andre eller ser andre bli det
- **Sjølvkontroll:** la elevane bli kjende med sine eigne og andre sine kjensle. Då er det lettare å sjå, forstå og kontrollere kva uttrykk eigne kjensle skal ha, og forstå andre si åtferd
- **Ansvarleg:** det beste utgangspunktet for å utvikle ansvarlegheit, er å la elevane få tillit gjennom medskaping og ta konsekvensar av det. Gjennom samarbeid mellom elevane kan vi stille krav som er tilpassa høge og tydelege forventningar til sosial åtferd. Forventningane må følgjast opp med avklara konsekvensar, handling – konsekvens. Er konsekvensane avklara på førehand vil vi ikkje kome i fare for at dei skal kjenne seg som «syndebukkar».




Sosial kompetanse - EMPATI

MED EMPATI MEINAR VI Å :

- - kjenne igjen og skilje mellom eigen kjensle og andre sine kjensle.
- - sjå situasjonen frå andre sin ståstad, kunne lytte og ta omsyn
- - vise omtanke og respekt for andre sine kjensle og synspunkt
- - rose andre og kunne glede seg over andre sine prestasjoner

Kjenneteikn på empati kan vere:



Sjølvhevding

- Med sjølvhevding meiner ein å:
- - ta initiativ til sosial kontakt på ein passande måte, lese sosiale situasjonar og reagere på andre sine handlingar
- - kunne uttrykkje uavhengigkeit og vise sjølvvinnssikt
- - kunne be om hjelp og informasjon. Kunne hevde sine rettigheter på ein akseptabel måte
- - kunne skaffe seg vener gjennom gode relasjonar



Sjølvkontroll

- Å ha sjølvkontroll betyr blant anna å:
- - kunne tilpasse seg fellesskapet og ta omsyn til andre
- - kunne takle konfliktar og vere ueinige på ein konstruktiv måte, sjå seg sjølv og sine eigne handlingar
- - kunne utsetje eigne behov
- - kunne uttrykkje kjensle på ein god måte, ut frå situasjonen

Kjenneteikn på sterk sjølvkontroll



Ansvar

- Å vise ansvar vil seie å;
- - følgje reglar og beskjedar
- - vise respekt for eigne og andre sine eigendelar og arbeid
- -ta ansvar for eiga læring både fagleg og sosialt
- - ta ansvar for sin del av ansvaret for fellesoppgåvene og fellesskapen i gruppa
- - ta ansvar for eigne handlingar



Samarbeid

- Evna til å samarbeide vil blant anna seie å:
- - vise omsyn og vere høfleg
- - samarbeide om felles oppgåve
- - halde arbeidsro og skifte mellom arenaer på ein god måte
- - be om hjelp og informasjon. Kunne hevde sine rettigheter på ein akseptabel måte
- - skaffe seg vener gjennom gode relasjoner.



Felles plattform for god klasseleiing

RELASJONSKOMPETANSE

Vere:

- Tydeleg
- Trygg
- Venleg
- Interessert
- Engasjert
- Motiverande og støttande

Gjere:

- Ha augekontakt
- Bry seg
- Bruke humor positivt(ikkje sarkastisk, skape meistringskjensle)
- Verdsetje
- Innovere
- Samarbeide
- Syne respekt
- Skape tillit

KOMPETANSE FOR REGELBRUK OG STRUKTUR

Tydelege krav og forventningar Reglar – handlikng, konsekvens

- Overordna reglar (handlingsplan, konfliktløysing, ordensreglement)
- Klassereglar
- Handling/konsekvens
- Roleg veremåte
- Ros til konkret veremåte i klasse/gruppe

Struktur

- Godt førebudd
- Skape arbeidsro
- Føreseieleg veremåte og handlingsmåte
- Klare meldingar
- Tydelege vaksne
- Samarbeid med andre vaksne

DIDAKTISK KOMPETANS

Motivasjon

- Meistringstru
- Tilbakemelding - både på læring og arbeidsinnsats, vere konkrete, der og då, også framoverpeik, elevrespons, korleis gje respons?
- Innspel, meininger frå elevane

Forventningar:

- Både fagleg og sosialt, indre og ytre motivasjonsfaktorar, styrken til enkeltelevar, framtidstru

Integritt kompetanse

- Viktig å vere ein proaktiv klasseleiar, variasjon
- Skape gode relasjonar
- Ha gode strategiar
- Rolla til læraren

Undervisningsgøkta

- Oppstart: tydelege mål og aktivitetar
- Vere presis og førebudd
- Fokus på å forstå og læring
- Elevane sin førkunnskap, ny kunnskap opp til tidlegare erverva kunnskap

Avslutt: Fagleg oppsummering

Overgangar: Variasjon, både gruppe og individuelt

Rolege overgangar

Tilbakemelding: I klasserommet, i elevgrupper og individuelt. Er situasjonsbetinja

God og effektiv klasseleiing


- Å ta ansvar for kvaliteten på relasjonen mellom lærar – elev og elev – elev. Ha stort medvit for kor viktig denne dialogen er
- Akseptere og anerkjenne kvar av elevane
- Hjelpe kvar av elevane til sjølve å regulere seg, både fagleg og sosialt
- God struktur for systematisk planlegging for undervisning, med markert start og avslutning
- Å gje tydelege mål for læringa(både fagleg og sosialt), instruksar og beskjedar. Kort kollektiv formidling i starten av timen.
- Læraren må bruke kunnskapen om støttande dialog, oppsummering, spørsmål og liknande. Utveksle direkte tilbakemelding til kvar elev, på arbeidsinnsats, læringsmål og åtferd
- Skape eit trygt læringsmiljø gjennom prinsippa for sosial læring(Overordna del)
- Å etablere eit positivt klima som skapar arbeidsro, tryggleik og eit inkluderande i fellesskapet



Autoritativ klasseleiing


- Forsking, Baumrind: teorien opererer med to dimensjonar:
 - - kontroll og grad av omsorg
 - *Elevane vert sosialiserte gjennom det klimaet vi vaksne skapar i klasserommet*
 - *Klassar kan utvikle seg ulikt på grunn av ulike leiarstilar*
 - Kontrollaksen handlar her om at den vaksne stiller tydelege krav og uttrykker forventningar ut frå alderen, nivået og tempoet til eleven. Lærarane skal vere konsekvente i krava og forventningane og reagere dersom standaren ikkje vert innfridd, handling – konsekvens. Eleven må kjenne til konsekvensane, slik at det ikkje vert opplevd som straff
 - Læraren må ha naudsynt kunnskap og ferdigheter for å ta regien for korleis klassen utviklar seg med omsyn til relasjon, struktur, klima og normer
 - Forsking viser at den authoritative lærarstilen ga best utbytte for eleven si åtferd, motivasjon og fagleg læring

Relasjonsbygging




Fire ulike leiatarar - /oppdragarstilar

- Autoritær oppdragarstil: Høg på kontroll, låg på relasjonar/omsorg
- Ettergivande oppdragarstil: Låg på kontroll og høg på relasjonar/omsorg
- Forsømmende oppdragarstil: låg på både kontroll og relasjonar/omsorg
- Autoritativ oppdragarstil: høg på både kontroll og relasjonar/omsorg



Vi som vaksne

- Lite støtte frå vaksne, utrygge relasjonar til medelevar eller forutsetingane eleven sjølv har, kan gjere at enkelte strevar meir enn andre med å finne ut av det sosiale samspellet. Foreldre og andre samarbeidspartnara er då ekstra viktige for best mogleg å støtte den enkelte si sosiale læring
- Vi vaksne må:
 - - vise eleven omsorg og anerkjenne kjenslene
 - - vise tydeleg leiarskap og kommunisere varmt og tydeleg kva vi vaksne bestemmer og kva eleven får bestemme
 - - fokusere på det dei meistra i møte med kvar elev
 - - anerkjenne positive initiativ og prosessar meir enn resultat
 - - hjelpe elevane til å finne ulike strategiar for problemløysingar når det oppstår utfordringar i relasjonar




Byggje eit «vi - fellesskap» i undervisninga

- Skal vi byggje eit **vi - fellesskap** i undervisninga må vi legge vekt på det å høyre til og meistring, for alle elevane i klassen. Gjennom læraren sin væremåte kan han/ho skape ein trygg og inkluderande kultur. Gjennom godt planlagde læringsaktivitetar kan vi hjelpe kvar elev til å bidra positivt i fellesskapet. Læraren må trekke elevane sine forskjellige interesser og bakgrunnar inn i undervisninga, for å vise at alle elevar har noko å bidra med.
- **Samarbeidslæring:** gjennom samarbeidsoppgåver kan elevane øve seg på å sette seg inn i kva andre tenkjer, kjenner på og erfarer. På den måten fremmar vi empati og vennskap mellom elevane. Legg gjerne vekt på ein samarbeidsferdigheit om gongen i undervisninga. Definer tydeleg for elevane kva samarbeidsferdigheita inneber, og kvifor det er viktig. Samarbeid i faga gir sosial, emosjonell og kognitiv utvikling og læring hos elevane.
- **Dialog** er sentralt i sosial læring, og skulen skal formidle verdiane og betydninga av ein lyttande dialog for å takle motstand.
- **Overordna del:**
- - for at vi skal gi elevane eit grunnlag for å handtere ueinigkeit og konfliktar må vi lære elevane til å lytte til andre og samstundes argumentere for eige syn. Vi må planlegge gode samarbeidsoppgåver der elevane, i dialog med kvarandre, søker løysingar i fellesskap.



Opne og varierte arbeidsoppgårer

- **Opne oppgåver:** finns fleire moglege svar. Kan delast inn i tre underkategoriar
 - - Utforskande oppgåver
 - - Vurderande oppgåve
 - - Aktiviserande oppgåve
- **Utforskande oppgåve:** eks der elevane skal utforske eit tema gjennom litteratursøk eller emperisk undersøking mm.
- **Vurderande oppgåve:** er oppgåver der eleven skal ta stilling til ei problemstilling, seie meininga si, eller vurdere noko.
- **Aktiverande:** er oppgåver der elevane øver på ei ferdighet, som å samanfatte fagstoff, munnleg eller skriftleg, eller praktiske ferdigheter
- **Norskfaget:** Skjønnlitteratur og sakprosa skal sidestillast
- Elevane skal utforske og reflektere over skjønnlitteratur og sakprosa. Det er eksplisitt lagt vekt på at sakprosa ikkje berre skal analyserast, men også tolkast, på lik linje med skjønnlitteratur.



Sosial - og fagleg kompetanse hand i hand

Skape eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø, både fagleg og sosialt.

- inkludere, elevmedverknad, engasjement og meistring.
- val av innhald, vurderings – og arbeidsmåtar i undervisninga.
- elevsentrert undervisning, baklengs planlegging og omvendt undervisning
- IGP - metoden
 - - setje seg inn i kva andre tenkjer, kjenner på og erfarer
 - - øve seg i å hevde eigne meningar, regulere kjensle og ta ansvar for seg sjølv og andre.
 - - lærar må tenk gjennom korleis plassere elevar i grupper, vere på tvers av venegrupper
 - - skape eit trygt og godt miljø ved tydelege og omsorgsfulle vaksne i samarbeid med elevane og foreldre



Utdanning - danning

- Skulen har både eit danningsoppdrag og eit utdanningsoppdrag. Dei heng saman og er gjensidig avhengige av kvarandre. Prinsippa for arbeid med læring, utvikling og danning skal hjelpe skulen til å løyse dette doble oppdraget.
- Opplæringen skal danne heile mennesket og gjere det mogleg for kvar og ein til å utvikle evnene sine
- **Danning** er eit omgrep som seier noko om formainga av mennesket sin personlegdom, oppførsel og moral. Danningsomgrepet fokusera på *evna til individet og plikt til å forme seg sjølv*, og skil seg difor frå sosialisering, oppdragning, utdanning og andre pedagogiske omgrep.
- **Utdanning** er ein felles nemning for all læring av ferdigheter og kunnskap

- **Danning skjer når elevene får:**
- kunnskap om og innsikt i natur og miljø, språk og historie, samfunn og arbeidsliv, kunst og kultur, og religion og livssyn.
- opplevingar og praktiske utfordringar i undervisninga og skulekvardagen.
- eit breidt spekter av aktivitetar, frå strukturerte og målretta arbeid til spontan leik, gir elevane ein erfaringsrikdom.
- I møte med andre og gjennom fysisk og estetisk utfolding som fremma rørsleglede og meistring.
- Arbeide på eiga hand, og når dei samarbeider med andre.
- når de bryner seg på teoretiske utfordringar ved hjelp av formlar og fagstoff, og når dei tar i bruk reiskapar for å meistre ei praktisk oppgåve.
- lære korleis dei kjem fram til riktig svar, men også når dei forstår at det ikkje alltid finns enkle fasitsvar.

Krenking/ konflikt

Konfliktløysing


- *Med konfliktløysing skal læring og utvikling på det sosiale plan ligge som overordna mål. Å finne ein syndebukk er ikkje målet, men at kvar og ein av dei involverte skal sjå sine eigne handlingar og ta ansvar for desse. Elevane skal finne eigne løysingar for kva ein kan gjøre for at dette ikkje skal gjenta seg.*
- *Er handlingane vorte eit mønster må vi ofte jobbe både individuelt, i gruppe/klasse og saman med foreldra for å få innsikt i, og samarbeide om utfordringane. Vi lagar ein felles avtale slik at alle partar tek i bruk felles løysingar og strategiar for å nå målet. Vi må også lære elevane at i ei gruppe/klasse har vi alle eit medansvar for å skape eit positivt miljø. Elevane må få øve seg på og få læring om korleis dei blir gode samarbeidspartnarar uansett samansettinga av gruppa. Elevane må få innsikt i korleis dei fungerer i samhandling og som medmenneske. Dei må lære dei rette «kodane» i sosialiseringss prosessen for å kunne fungere godt i samfunnet*

Konflikthandtering

Fire fasar

- Snakk med ein og ein av dei involvert
- Snakk med alle, ha fokus på å finne sanninga, ikkje ein syndebukk. Berøm dei undervegs.
- I fellesskap, skal dei sjølve finn nye handlingsmåtar for at ikkje dette skal skje igjen.
- I oppfølgingsfasen, vere tett på og sjå etter at dei utøver dei nye handlingsmåtane. Oppfølgingsfasen er avgjerande for at dei vil oppnå det forventa/endring

Modellen



Organisatorisk tiltak

- vurdere ressursbruk, evt. omdisponere, auke bemanninga
 - arenaer for samhandling
 - leiarteam, stegteam
 - spesialpedagogisk team
 - rektor/spespedkoordinator
-
- tiltak retta mot dei vaksne i miljøet
 - kompetanseheving
 - kollegabasert vegleiing

Tiltak - generelt

- løye problem på lågaste nivå
- ta raskt kontakt med heimen
- føre logg, konkretiser problemet
- definere, isolere problema
- vurdere om det er aktuelt med kortsiktige eller langsiktige tiltak
- viktig med gjensidig informasjon mellom skulen og skulefritidsordning
- ros og oppmuntring ved ønska åtferd
- skape arenaer for samhandling
- kontakte rektor for å beskrive problemet, drøfte tiltak

Langsiktige tiltak

- elevsamtaalar
- kontrakt/avtale mellom heimen, skulen og eleven, underskrift av alle involvert
- ros/belønning
- loggskriving
- observatør inne i klassen og i friminutt
- rapportere heim ein gong i veka om dette er naudsynt
- samhandling med foreldre
- vurdere ekstern hjelp: Tverrfaglig team

Sosial læring på alle plan

- I friminutta – tilsyn
- Følgje med
- Gripe inn
- Varsle
- **På SFO** – vi tek utgangspunkt i overordnadel og formålsparagrafen på lik linje som skulen. Sjå eiga plan
- **På leksehjelp** – faste rutinar og reglar gjeld for alle, der overordna del og formålsparagrafen set målføringa og standaren slik som på SFO og i skulen
- **På skulevegen til og frå skulen.** Her gjeld den sosial kompetanseplana og inkludering på lik linje med andre arenaer på skulen. Foreldra må raskt melde frå om uakseptable hendingar skjer
- **Skulebussen:** Bygstad skule har eit tett og godt samarbeid med sjåførane som kører skuleruta. Vi har låg terskel for å ta kontakt med kvarandre om negative hendingar som skal følgjast opp. Foreldra må raskt melde frå om, eller få raskt tilbakemelding om hendingar.
-



Opplæringslova – kapittel 9 A

§ 9A – 1. Virkeområdet for kapittelet	<p>Det er eleven sine kjensle av korleis dei har det på skulen som er gjeldande. Foreldra kan vere eleven sitt talerøyr. Bygstad skule skal spele på lag med foreldre og elevar. Vi skal raskt undersøkje saka og raskt setje inn eigna tiltak om dette er påkreva. Vi skal alltid ta omsyn til eleven sitt beste.</p>
§9 A – 2. Retten til eit trygt og godt miljø	
§ 9 A – 3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid	
§ 9 A – 4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt miljø	
§ 9 A – 5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev	
§ 9 A – 6. Statsforvaltaren si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker	
§ 9 A – 7. Det fysiske miljøet	
§ 9 A – 8. Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet	
§ 9 A – 9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg	
§ 9 A – 10 Ordensreglement	

§ 9a – 4, første til sjuande ledd

- Alle tilsette på skulen skal raskt gripe inn når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. tydelege krav er fastsett:
 - -1 følgje med
 - -2 gripe inn
 - -3 varsle rektor
 - -4 undersøkje
 - -5 sette inn tiltak
 - Skulen skal lage ei skriftleg plan når ein skal sette i verk tiltak i ei sak. I plana skal det stå:
 - -a) kva problem tiltaka skal løyse
 - -b) kva tiltak skulen har planlagt
 - -c) når skal tiltaka gjennomførast
 - -d) kven som er ansvarlege for gjennomføringa av tiltaka
 - -e) når skal tiltaka evaluerst
- Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd
- - skulen si handlingsplan mot mobbing
 - - skriftleg plan når det skal setjast i verk tiltak
 - -skrive referat etter samarbeidsmøte med elev /føresette

§ 9a - 5

- Dersom ein tilsett på skulen får mistanke om, eller kjennskap til, at ein annan tilsett på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering skal den tilsette:
 - -straks melde frå til rektor og rektor melde frå til skuleeigar
Er det ein i leiinga som står bak krenkinga skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanken om, eller kjennskap til

§ 9a - 6

- Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan elevane eller føresette melde saka til Statsforvaltaren, etter at saka er tatt opp med rektor
- Statsforvaltaren skal avgjere om aktivitetsplikta er oppfylgt
- Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt, legge fram alle opplysningane som Statsforvaltaren meiner må til for å greie ut saka.
Statsforvaltaren skal sørge for at involverte elevar vert høyrde. Kva som er best for eleven, skal vere eit grunnleggande omsyn i Statsforvaltaren si sakshandsaming
- Dersom Statsforvaltaren kjem fram til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9a – 4 og § 9a – 5 kan Statsforvaltaren vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det skal settast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Statsforvaltaren skal følgje opp saka.
- Statsforvaltaren kan vedta reaksjonar etter skulen sine ordensreglement jf. §9A – 10, eller at ein elev skal byte skule, jf. §8 – 1 fjerde ledd.

Når hendingar oppstår

- Når ein observera eller får kjennskap til at krenkande åtferd skjer, skal aktivitetsplikta tre i kraft
- Hendinga skal loggførast og rapporterast inn til kontaktlærar, med tidspunkt og dato
- Informer føresette og arkiver loggskjema
- Har den same personen utført krenkande handlingar tidlegare, kallar kontaktlærar inn til møte med føresette, går gjennom handlinga og lagar tiltak slik at ikkje hendinga skal gjenta seg. Arkiver referatet med underskrift i mappa
- Aktivitetsplan vert oppretta
- Fortset handlingane skal rektor kalle inn til møte med føresette og kontaktlærar. Tiltak og sanksjonar skal avtalast

Mobbing – gjentekne hendingar av krenkande åtferd

- Når mobbing vert oppdaga, eller får kjennskap til, skal ein gripe inn, varsle rektor og undersøkje sjølv, eller saman med eleven. Mobbinga skal stoppast
- Kontaktlærar snakkar med ein og ein og loggfører samtalen, arkiver
- Observasjon og samtale med andre kan vere naudsynt, loggfør og arkiver
- Føresette til alle involverte skal informerast
- Lag aktivitetsplan
- Fortset mobbinga, kallar kontaktlærar eller rektor, foreldra inn til møte med helsejukepleiar til stades
-

Klage/bekymringsmelding – alle skjema ligg i sikker sone

- Handteringa steg for steg:
- Få ei konkret oversikt over kva klagen/bekymringa går ut på. Om naudsynt kalle raskt inn til møte med foreldre og eleven
- Lag ei plan for konkret kvar som skal undersøkjast, kvifor, av kven og dato for evaluering. Viktig at alle partar får eit medansvar her
- Referatet etter møtet og skjema for undersøkinga, skal alle partar skrive under på.
- På evalueringsmøte ha klart utkryssingsskjema for om eleven har eit trygt og godt læringsmiljø, eller ikkje. Er dette hendingar som vi har retta opp i, slik at miljøet er i balanse igjen for eleven, kan vi lukke saka
- Er ikkje miljøet i balanse igjen for eleven, lag ei aktivitetsplan i samråd med foreldra og eleven på evalueringsmøte. I aktivitetsplana skal det konkret stå kva som skal rettast opp i, konkret korleis rette opp i det, kven har ansvaret og dato for evaluering. Viktig at alle partar får eit medansvar. Få underskrift på referat og skjema. Loggfør utviklinga og den konkrete handteringa undervegs, fram til evalueringdatoen

Skjema som ligg i sikker sone

- Brev ut til foreldra med opplysning om deira rett til å melde frå til Statsforvaltaren
- Undersøkingsskjema: skjema for kva som konkret skal undersøkast
- Utkryssingsskjema: trygt og godt læringsmiljø/har ikkje eit trygt og godt læringsmiljø
- Tiltaksplan:
- Evaluering av tiltaksplana og eventuelt endring av tiltak
- Tiltaksplana er gjeldande og skal vere aktivert heilt fram til at eleven og foreldra har kryssa ut på at han/ho har eit trygt og godt læringsmiljø.
- Utkryssingsskjema: kryss av for eit trygt og godt skjema og avslutt saka, alle skriv under